



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-rapport nr. 8/2002

Personifiserte vevtenester

Heather Broomfield,

Ivar Petter Grøtte,

Randi Marie Tandle

og

Svein Ølnes

VF Rapport

Tittel Personifiserte vevtenester	Rapport nr. 8/2002
	Dato August 2002
	Gradering Open
Prosjekttittel Personifiserte vevtenester	Tal sider 37 + 14 +
	Prosjektnr. 5221
Forskarar Heather Broomfield, Ivar Petter Grøtte, Randi Marie Tandle og Svein Ølnes	Prosjektansvarleg Svein Ølnes og Ivar Petter Grøtte
Oppdragsgjevar Nett.no-prosjektet ved prosjektleiar Jan Øhlckers og styringsgruppa for nett.no: Fylkesrådmann Per Drageset og fylkestingsrepr./medl. av fylkesutvalet Knut O. Aarehun, Sogn og Fj. fylkeskommune og Fylkesmann Oddvar Flæte, Fylkesmannen i S. og Fj.	Emneord Personleg tilgang Personifiserte tenester Skreddarsydde offentlege vevtenester
Samandrag Rapporten er delt i tre: først ein diskusjon av omgrepet <i>personifiserte vevtenester</i> , så ein oversikt over status på området i ulike land og til slutt forslag til prosjekt for vidareføring av arbeidet. Statusoversikten viser at mykje blir sagt, men lite blir gjort innafor området personifiserte vevtenester og tilgang til personlege data over Internett. Norge sakkar akterut på eEurope sine målingar og prosjekt innafor dette området er difor naudsynt for å auka aktiviteten og å oppnå dei måla som er skisserte innafor e-forvaltning (<i>eGovernment</i>). I tillegg til eit fyrårprosjekt innafor området personifiserte vevtenester, føreslår vi også eit prosjekt for å løfta alle attverande kommunar <u>opp</u> på tenestetrappa (utviklingsmodellen for offentlege vevtenester).	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN: 82-428-0204-1	Pris Kr 100,-

Forord

Denne rapporten er ein del av det større prosjektet *nett.no* – eit prosjekt med målsetjing om betre samhandling mellom ulike sektorar og ulike nivå i det offentlege og ei betre utnytting av potensialet i offentlege vevtenester. Brukarane skal hjelpast til å finna eigne opplysningar på tvers av nemnde skiljelinjer.

Ein første versjon av rapporten vart overlevert i juni d.å. Sidan den gongen er statusoversikten utvida med fleire eksempel og forslag til prosjekt er lagt til.

Rapporten er skriven på engelsk og seinare omsett til norsk. Den engelske versjonen vil vera eit viktig underlag når prosjektsøknader seinare skal skrivast.

Sogndal, August 2002

Innhald

0. SAMANDRAG	5
DEL I: PERSONIFISERTE VEVTENESTER	7
1. BAKGRUNN OG MANDAT	7
2. INTRODUKSJON TIL PERSONIFISERTE VEVTENESTER	8
3. UTFORDRINGAR FOR Å OPPNÅ PERSONIFISERTE VEVTENESTER	11
Autentisering.....	11
Digitale signaturar.....	12
Integreste system: organisatoriske og tekniske perspektiv	14
3.2 Lovgiving.....	15
3.3 Informasjonstryggleik	16
DEL II: STATUSOVERSIKT	18
4. NORGE	18
4.1 Policy	18
4.2 Relevante eksempel	19
5. EU AND OTHER COUNTRIES.....	21
5.1 EU Policy	21
5.2 Eksempel frå EU-land.....	26
5.3 Eksempel frå andre land.....	31
6. KONKLUSJONAR ETTER STATUSGJENNOMGANG.....	35
DEL III: PROSJEKTPLANAR	36
REFERANSAR	37
VEDLEGG 1: DIGITALE SIGNATURAR I DETALJ	39
Cryptography	39
Digital signature.....	39
VEDLEGG 2: STATUSOVERSIKT, FLEIRE EKSEMPEL	41

0. Samandrag

Vestlandsforskning fekk i oppdrag av prosjektleiar for *nett.no* – Jan Øhlckers – å laga ein statusoversikt på området personifiserte vevtenester og på bakgrunn av denne føreslå eventuelle prosjekt for vidare arbeid med temaet.

Etter grundig undersøking av aktivitetar og initiativ på området personifiserte vevtenester/tilgang til personlege data over nettet både i Norge, EU og land utanfor EU, har vi ei klar oppfatning av at mykje blir sagt, men lite blir gjort- Alle landa vi har sett på har ambisiøse planar for e-forvaltning (*eGovernment*), men på grunn av stor kompleksitet og store utfordringar viser det seg vanskeleg å oppnå konkrete resultat. Vi har støytt på ei rekkje planar, men handlingsdelen er ofte manglande. Det finst likevel interessante prosjekt, i EU særleg i Irland og Danmark, men i det heile er landskapet nokså grått.

Norge rapporterer til eEurope-planen og den siste undersøkinga om offentleg sektor viser stagnasjon for Norge samanlikna med EU-landa. Det finst sikkert fleire forklaringar på dette, og kvaliteten på undersøkingane kan absolutt diskuteras, likevel må dette signalet takast alvorleg for norske myndigheiter. Det framstår som eit paradoks at Norge der folk er kjende for å ta ny teknologi tidleg i bruk, sakkar akterut på området offentlege vevtenester, medan Irland med innbyggjarar mykje mindre ”teknologikåte” enn i Norge, leiar utviklinga på dette feltet.

Dersom vi ser utafor EU finn vi land som Canada, Singapore, USA og Australia som gjer det godt i undersøkingar om e-forvaltning. I Accenture si undersøking om e-forvaltning for 2002 var desse fire landa i tet, i nemnde rekkefølge. Dei skåra altså høgre enn EU-landa og Norge. Likevel er EU-landa vår viktigaste samanlikningspart og denne samanlikninga skjer kontinuerleg gjennom eEurope-rapporteringa.

Mandatet nemner to typar tenester av spesiell interesse:

- tilgang til egne data via nettet
- sporing av eiga sak gjennom ulike organisatoriske instansar

Den første typen tenester er breiare og inkluderer også den andre typen. Å spora si eiga sak gjennom ei tenestekjede er eit spesielt tilfelle av den meir overordna problemstillinga å få tilgang til personleg informasjon over nettet. Den første tenestetypen opnar for meir fleksibilitet i prosjekthandtering enn den siste og gjer at vi tilrår å satsa på prosjekt av først-nemnde type.

Vi har ikkje funne mange eksempel på tenester der ein kan spora egne saker på tvers av organisasjonar og av grunnar som nemnt over vel vi å føreslå prosjekt som baserer seg på tilgang til egne data innafør ein organisasjon. Dette vil vera utgangspunktet for eit prosjekt, men med mulegheiter til å utvida problemstillinga til også å gjelda interorganisatorisk samhandling, om ønskjeleg. Vi trur også at denne type tenester har eit større brukarpotensial. Alle kan ha fordeler av å kunna henta personlege opplysningar, uavhengig av om dei er involverte i ei sak med offentlege instansar eller ikkje. Tilgang til tidlegare utfylte skjema og gjenbruk av skjema har også relevans for problemstillinga og vil også kunna vera ei nyttig teneste for mange.

Me ei slik tilnærming er kommunen den nærmaste tenestetilbydaren og den naturlege staden å starta i prosjektsamanheng. Utfordringa med tilgang til personlege data kan også løysast

innafor ein organisasjon, men treng heller ikkje avgrensast til det. Vi trur også at tilgang til eigne data i form av arkiv over eigne opplysningar vil vera meir interessant for eit fleirtal av brukarar. Trass alt er det ikkje så ofte kvar og ein av oss har ei sak gåande i byråkratiet.

Sogn og Fjordane har i tillegg til eit fyrtårnprosjekt av ovannemnde karakter også ei anna presserande utfordring: Trass i at vi framstår som eit IKT-fylke ligg kommunane våre håplausst dårleg an på nettsatsing. Den siste oversikten syner at Sogn og Fjordane er på desidert sisteplass med omsyn til kor mange kommunar som enno ikkje har eigne nettsider. Vi er langt unna landsgjennomsnittet. Vi føreslår difor eit "hjelpesprosjekt" kalla *WebAid* med føremål å løfta alle resterande kommunar i fylket opp på tenestetrappa.

For fyrtårnprosjektet innafor personleg tilgang til data, med prosjektnamn *MappaMi*, har vi identifisert følgjande kommunar som aktuelle (ikkje nødvendigvis alle):

- Førde
- Sogndal
- Gloppen
- Balestrand
- Luster

Vi føreslår eit internasjonalt prosjekt for realisering av *MappaMi*, med Irland og Danmark som mulege samarbeidspartar. Prosjektet kan likevel også køyrast berre med nasjonal finansiering om tilhøva skulle tilseia det.

For *WebAid*-prosjektet har vi identifisert følgjande kommunar utan eigne nettsider medio august 2002:

- Askvoll
- Aurland
- Fjaler
- Flora
- Gaular
- Hornindal
- Hyllestad
- Høyanger
- Jølster
- Selje
- Solund
- Vågsøy

Faktisk tal deltakarkommunar kan bli færre sidan enkelte av desse truleg alt er i gang med planlegging av eigne nett-tenester. Dei kan uansett ha interesse av å delta og vil kunna overføra kunnskap til andre i deltakargruppa. Vi føreslår at prosjektet *WebAid* blir starta under IT-forum 2002 og blir avslutta på IT-forum 2003.

Del I: Personifiserte vevtenester

1. Bakgrunn og mandat

Vestforsk har fått i oppdrag av prosjektleiar for *nett.no*, Jan Øhlckers, å laga ein oversikt over prosjekt og initiativ innafor området personifiserte vevtenester. Området omfattar:

- tilgang til personlege data via nettet
- følgja relevant personleg informasjon gjennom heile tenestekjeda

Arbeidet er føresett utført i to delar: Først ein oversikt over relevante initiativ og oppsporing av gode eksempel. I andre delen skal det gjennomførast ein kompetanseoversikt i kommune-sektoren på dette området i samband med eit prosjektforslag for vidare arbeid med temaet.

Mandataet slik det var formulert av prosjektleiar Jan Øhlckers:

Innafor tid og økonomi treng vi mest mogleg på desse to områda:

- a. personleg internett-tilgang til egne offentlege opplysningar for innbyggjarane i fylket
- b. relevant elektronisk informasjon som følgjer brukarane gjennom heile tenestekjeda

Eg ser for meg to deler:

- A. Kartlegge kva som er gjort med døme og røymsler frå andre (Noreg og internasjonalt).
- B. Kartlegge kva vi alt har av kompetanse og fullskalaelement her i fylket.
- C. Lage forprosjektskisse med framlegg til mål, tidsplan, milepelar (arbeidspakker?), kostnader, finansiering, partnarar osv.

Eg er prosjekteigar og styringsgruppa (Oddvar F., Per D. og Knut O. Aa) i *nett.no* er oppdragsgjevar.

2. Introduksjon til personifiserte vevtenester

Kva er personifisering?

Det er avgjerande at vi definerer omgrepet *personifisering* slik at det i rapporten blir klart kva tenester vi omtalar. Vi brukar omgrepet personifisering heller enn personalisering, som også har vore nytta av enkelte. Vi har brukt personifisering i denne rapporten fordi vi tykkjer det er litt meir presist enn personalisering, som også har vore brukt som uttrykk om tilgang til personlege data.

Personifisering i samband med offentlege vevtenester kan vera at brukarar har høve til å skreddarsy ei teneste til sin personlege smak gjennom å oppretta ein personleg profil der personlege val blir lagra. Dette er ei enkel form for personifisering, mellom anna brukt i TITAN-prosjektet, men som vi ikkje vil drøfta vidare i denne rapporten.

Den type personifisering vi diskuterer i rapporten omhandlar tilrettelegging for at brukarar kan få tilgang til sine eigne opplysningar gjennom ei vevteneste. Det kan vera opplysningar innafor ein organisasjon eller informasjon samla frå fleire hald¹.

Skifte i politikk


Tilgang til personlege data i offentlig sektor var ei hovudsak i politikken så tidleg som for fire år sidan og var sett på som den enkle, magiske løysinga for å oppnå e-forvaltning i Europa. Vi treng berre å sjå på dei store ambisjonane til TITAN- prosjektet for å forstå dette². Det har no vore eit vesentleg politisk skifte både nasjonalt og internasjonalt, personifisering er framleis målet, men på ein meir realistisk måte. Det blir no sett på som det høgaste målet i offentlig sektor sine online-initiativ. Det er velkjent at å oppnå personifisering er ei stor utfordring, om enn ikkje umuleg. Fokus er flytta til ei utvikling knytt til den no velkjente 4 stegs tenestetrappa som vist i figuren under, der personifisert basisinformasjon kjem inn i steg 3. Steg 4 er der full personifisering blir oppnådd gjennom ein fullført elektronisk transaksjon (innan ein organisasjon eller på tvers av organisasjonar). Vi kunne til og med gå vidare enn dette og hevda at det er endå eit steg for å oppnå fullstendig personifisering der brukaren kan spora kvar deira sak er i systemet.

¹ Det er to typar organisatoriske barrierer det må takast omsyn til:

Vertikal integrasjon som tillet dataflyt frå lokalt til regionalt og vidare til nasjonalt nivå (begge vegar).

Horisontal integrasjon vil tillata organisasjonar på same nivå å utveksla data.

² TITAN-prosjektet var utforma som eit svar på EU-utlysing av ambisiøse digitale nettstader som reflekterte EU sin politikk på området på den tida.



Figur 1: Tenestetrappa (Firestegs utviklingsmodell for offentlege vevtenester)

Ei stor utfordring

I denne rapporten vil vi drøfta kvifor personifisering innan offentlig sektor er ei vanskeleg oppgave. På overflata skulle det vera enkelt å få til, særleg når ein ser på privat sektor, for eksempel i finanssektoren med nettbank der all personleg kontoinformasjon kan bli studert og transaksjonar utført kvar som helst uavhengig av kva bransje/bank ein kunde høyrer til. For offentlig sektor er situasjon annleis, der er det mange spørsmål, som privat sektor delvis slepp å ta omsyn til, ein må ta omsyn til for å oppnå dette nivået av integrasjon. Det er spørsmål som BPR (Business Process Reengineering = total omflating av rutinar), fagforeinings-spørsmål, personvern (vern av data), konstitusjonelle spørsmål, utdanningsnivå, kulturelle spørsmål og sjølvstekt tekniske spørsmål i forhold til gamle proprietære system (*legacy systems*). Alle desse spørsmåla/punkta vil me sjå meir detaljert på under, men som ein kan sjå ut frå informasjonen over, er personifisering av offentlig informasjon ikkje ei enkel oppgave.

Kvifor bruka ressursar på dette?

Dette fører oss til spørsmålet om kvifor offentlig sektor bør investera store ressursar på ei slik vanskeleg oppgave. Nokre av grunnane er drøfta under og henta frå rapporten "Privacy and data sharing report" (Performance and Innovation Unit 2002). Det er tre hovudområde der det er særleg potensial for å betre utnytting av personleg informasjon

- betre, meir samhandlande og meir personifiserte offentlege tenester – spesielt ved muliggjering av e-forvaltning
- meir effektiv og målretta politikkdefinering og -evaluering; og
- meir effektive offentlege tenester ved at brukarane får "meir for pengane", tenestene blir meir straumlinjeforma samstundes som dei kan skreddarsyast den enkelte brukar ("masseprodusert skreddarsaum")

Vi må heller ikkje gløyma dei aukande forventningar frå publikum for meir koordinerte offentlege servicar der kundar forventar det same nivået på on-linetenester frå offentlig sektor som det dei får frå privat sektor. Det er sett i gang mange initiativ der ein prøver å oppnå full personifisering og mange har alt nådd steg 3 i tenestetrappa. Det er og initiativ som tilbyr mellombels løysingar, som t.d. livssituasjonbasert informasjon (LivsIT i Norge). Slike løysingar er ofte nyttige og tilbyr skreddarsydd, brukarvennleg informasjon laga for å passa

folk i spesifikke livssituasjonar (eksempelvis flytting, graviditet og fødsel). Eit anna fenomen som har gripe om seg i heile Europa dei siste åra er "the one stop shop". I Norge har det materialisert seg som offentlege servicekontor (OSK). Det er stor aktivitetar som føregår, spesielt i kommunane, når det gjeld bygging av OSK. Vi vil sjå på eksempel frå alle desse kategoriane i del II.

3. Utfordringar for å oppnå personifiserte vevtenester

Som tidligare nemnt er teknologi og organisering hovudpunkta når det gjeld personifiserte tenester i offentleg sektor. Organisatoriske tilhøve utgjer den absolutte største delen av utfordringane. Ulike prosjekt har estimert tilhøvet mellom organisatoriske og tekniske ressursar så høgt som 80% mot 20% (FEIDE-prosjektet). Sjølv om 20% verkar heller lågt, så er passande og trygg teknologi eit fundamentalt krav for å nå målet. Det vil bli omhandla nærmare i teknologidelen under.

3.1 Teknologi

For å oppnå personifiserte tenester er mange kritiske element innan teknologidomenet som må adresserast. Ein av dei fundamentale eigenskapane til Internett er ende-til-ende-kommunikasjon over eit nettverk med minimal intelligens. Dette er sannsynlegvis den viktigaste grunnen til den enorme veksten i internettapplikasjonar og internettbbruk (Lessig, 2001). Nettet sjølv veit ikkje noko om informasjonen det ber, og det skal det heller ikkje. Dette fører sjølvstilt til at me sit att med ein stor tryggleiksrisko. Sidan nettet ikkje veit noko om dei "bits" det ber, kan det heller ikkje vita om det er ufarleg/nøytral eller vondsinna kode. Men dette er prisen vi må betala for å ha ein svært fleksibel og robust infrastruktur.

Etter å ha undersøkt fleire sider av nettverkstryggleik i samband med personifiserte tenester, meiner vi dei mest kritiske teknologiske utfordringane er:

- ein universell autentiseringsmåte
- digital signatur, som del av autentiseringsproblemet
- integrerte system: barrierer mellom ulike nivå og ulike sektorar

Autentisering

Online tilgang til eigne data samla av offentlege etatar krev ein autentiseringsprosess. Du må bevisa kven du er for å få tilgang til slike data. Så langt har offentlege vevtenester som tilbyr tilgang til personleg data laga sine eigne autentiseringssystem, der alle er unike og ikkje-standardiserte. Dette fungerer ved vertikal integrasjon og tilgang, men metoden er likevel ikkje god sidan brukaren må hugsa ei mengd brukarnamn og tilhøyrande passord. Dette betyr dårleg brukarvennlegheit og blir til slutt eit alvorleg tryggleiksproblem. Fleire passord betyr ikkje betre tryggleik, faktisk vil ei aukande mengd passord for ulike tenester bety dårlegare tryggleik. Enten må brukaren laga nye par av brukarnamn og passord kvar gang, som i tilfellet fører til at ho/han til slutt må skriva dei ned for å hugsa dei, eller brukaren standardiserer på sin eigen måte ved å bruka same brukarnamn og passord for ulike tenester. Begge metodane er sårbare for misbruk og inneber ein tryggleiksrisko.

Når vi går frå vertikal til horisontal integrasjon og dataflyt, blir utfordringa langt større. Metoden skildra for isolerte tenester vil ikkje fungera her. For å kunna ha ein autentiseringsprosess som gir tilgang til fleire ulike offentlege vevtenester frå ulike offentlege etatar, må prosedyren for pålogging standardiserast.

Ein kommunikasjonsprosess mellom ein brukar og ei vevteneste er ein klient/server-prosess. Så langt har autentisering på nettet vore avgrensa til server-sida. Det er tilfellet når vi brukar nettbank og andre sikre vevtenester. Dei fleste sikre vevtenestene på nettet fungerer på denne måten: Serveren autentiserer seg sjølv ved hjelp av HTTPS-protokollen (*Secure HTTP*), som igjen er basert på tryggleigsprotokollane SSL/TLS (*Secure Sockets Layer/Transport Layer Security*).

Det er fleire muligheiter for eit standardisert autentiseringssystem. Blant dei mest brukte systema er system basert på Kerberos-protokollen og ein kombinasjon av offentleg nøkkel-kryptografi (*public key cryptography*) og bruken av digital sertifikat. System som høyrer til den første kategorien blir beskrive i kapittel 5 under FEIDE og den andre kategorien blir forklart meir i detalj under fordi den er tett knytt til det viktige temaet digitale signaturar.

Eit administrasjonssystem for identifisering (*identification management system*) treng også ei katalogteneste for å strukturering av informasjon om brukarane og tilgjengelege ressursar. Fleire slike katalogsystem eksisterer, men dei fleste er proprietære så som Novell sitt NDS, Microsofts Active Directory osv. Den mest brukte opne standarden på området er LDAP – *Lightweight Directory Access Protocol*.

Eit standardisert autentiserings- og identifikasjonssystem treng ikkje vera eit monolittisk sentralisert system, slik Microsofts Passport vart oppfatta og tolka. Microsoft føreslo Passport som ein standardisert måte for autentisering og som del av .Net-satsinga. Men reaksjonane så langt har vore negative. Dei fleste likar ikkje tanken på å leggja frå seg personlege data på ein server i Redmond, sjølv om det ville forenkla prosessen med innlogging på ulike tenester.

Mange initiativ er tekne og mykje arbeid er i gang på området *web services*³ og tryggleik, også inkludert autentisering. Mellom initiativ som er verdt å nemna, men som langt frå er ferdige eller standardiserte på nokon måte, er:

<i>WS-Security (Web Services Security)</i>	eit initiativ av SUN Microsystems med sikte på å tilby ein standard for sikre <i>web services</i>
<i>SAML (Security Assertion Markup Language)</i>	føreslått standard for autentisering på dokumentnivå

Digitale signaturar

Digitale signaturar er ein del av det vidare omgrepet elektronisk signatur. Målet er det same, men muligheitene/metodane er ulike. Digitale signaturar er basert på ein teknologi kalla offentleg nøkkel-kryptografi (*public key cryptography*) og er avhengig av ein struktur kalla offentleg nøkkel-infrastruktur (*Public Key Infrastructure – PKI*). På norsk er også PKI vanleg brukt om denne infrastrukturen. Elektroniske signaturar kan på den andre sida bli basert på metodar som scanning av retina (netthinna), scanning av fingeravtrykk og så vidare.

Digitale signaturar er veldig i fokus i desse dagar. Den grunnleggjande teknologien er derimot langt frå ny. Grunnlaget for teknologien var oppdaginga av offentleg nøkkel-kryptering (også kalla asymmetrisk kryptering) gjort av forskarane Whitefield Diffie og Martin Hellmann i 1976 (Schneier 1996). Sjølv om teknologien er meir enn 25 år gamal har ikkje den store bruken av den komme enno. Ein del av forklaringa er at det er eit vankeleg tema teknisk sett. Men sjølv om den underliggjande teknologien er vanskeleg så er den største floken organisasjonsnivået. Før ein kan etablere eit PKI-basert sikkerhetsregime er det behov for ein organisatorisk part ein har tiltru til. Det blir ofte referert til som "trusted third-party (TTP)". Teknologien blir forklart i meir detaljert i tillegg 2.

³ Web services here in the web technology based definition. This refers to a certain technology used for shared resources on the Net. This is not the same kind of *web services* as described throughout this report where we use a more broad definition of web services meaning (public) web based services for the citizens.

Digitale sertifikat er ein viktig del av PKI. Sertifikatet er ei binding mellom ein person og denne sin offentlege nøkkel. Administrasjonen av sertifikat er ein viktig del av PKI og må seiast å vera eit av hindera for allmenn bruk av teknologien. Sertifikatutferdar må godkjennast og vera ein del av ein hierarkisk struktur basert på tillit. Det er dette hierarkiet som ofte blir kalla TTP, sjølv om nemninga er mindre brukt no enn før.

Ein digital signatur kan produserast på fleire måtar. Den enklaste er slik:

1. Marta, som avsendar, krypterer det aktuelle dokumentet med sin private nøkkel
2. Marta sender det krypterte dokumentet over nettet til Svein (mottakar)
3. Svein dekrypterer dokumentet med Marta sin offentlege nøkkel

Vanlegvis blir dette litt for enkelt for det er enkelte krav til signaturprosessen som ikkje blir oppfylt, mellom anna ein garanti for at dokumentet ikkje har vorte endra på eit stadium i prosessen. Sjå vedlegg 1 for ei meir detaljert skisse av prosessen med digitale signaturar.

Bruken av offentlig nøkkel-kryptografi, som implementert i digitale signaturar, kan løysa desse utfordringane på ein standardisert måte:

- autentisering (for å bevisa at du er den du påstår du er)
- konfidensiell sending (skjula meldinga du sender)
- integritetskontroll (for å bevisa at meldinga du har teke imot er den same som blei sendt)
- ”ikkje-nekting” (*non-repudiaton*) (at du ikkje kan nekta for at du faktisk sende det digitalt signerte dokumentet)

Bruken av digitalt signerte sertifikat (bruka digital signatur i samband med sertifikat) lovar brukaren å gjera slutt på bruken av brukarnamn og passord for autentisering. I staden for at du må skriva inn brukarnamn og passord treng du berre ein pin-kode for å aktivera ditt digitale sertifikat (brukarar av Skandiabanken kjenner denne prosessen allereie). I framtida kan pin-koden bli skift ut med ein biometrisk metode som fingeravtrykk for å aktivera sertifikatet.

Problemet med digitale signaturar er som nemnt over, utfordringane på teknologisk og organisatorisk nivå og då med hovudvekt på det siste. I eit lukka nettverk som intranett eller til og med eit ekstranett ville det vera mykje enklare å implementera PKI teknologien, og det har det også vorte gjort i mange tilfelle. Vi skil då mellom opne og lukka PKI-system (PKI-forum 2002). Det er også den velkjende ”høna-og-egget”-problematikken rundt etablering av system for digitale signaturar – så lenge det ikkje er brukarar kjem ikkje tenester med digitale signaturar og utan tenester ingen brukarar.

Målet ”ei innlogging – tilgang til alle tenester” (”*single sing-on*”) er framleis langt frå å bli realisert. Bruce Schneier, ein kjent ekspert på tryggleik og kryptografi, tvilar på om det nokon gong blir det. I boka ”Secrets and Lies” (Schneier, 2000) seier han:

”Single sign-on er... nettverkstryggleikens Holy Grail. Dessverre fungerer det ikkje særleg godt. Først av alt er det sumpen av gamle applikasjonar og tryggleiksmetodar som rett og slett ikkje går saman. Det er ikkje snakk om å velja same passordet for alle tenester – det er ein dårleg idé – det krev mykje programmering av grensesnitt. For det andre er det generelt sett ein tilleggsrisiko ved å basera tryggleikne på eitt einaste punkt (single point of failure). Det er som skilnaden på å mista eitt kredittkort og å mista heile lommeboka.”

Såleis er det framleis hovudflokar å løysa før ein når målet med "a single sign-on" som trengst for å oppnå sporing av data og saker på tvers av ulike sektorar. Det er likevel lovande arbeid i fleire prosjekt. Eit spesielt interessant initiativ som tek for seg "single sign-on"-problemet er FEIDE – Felles Elektronisk IDentifisering, som nemnt over. Banksektoren plalegg også å introdusera eit PKI-basert identifikasjonssystem kalla BankID i løpet av hausten 2002. Dette nye ID-kortet skal brukast i dagens nettbankløyningar, men er også konstruert for meir generell bruk mot andre typar tenester og andre tenesteleverandørar sidan det er basert på ei opa PKI-løyning.


Integreste system: organisatoriske og tekniske perspektiv

Integrasjon av system er heilt avgjerande for kunna å realisera det fulle potensialet av personifisering av offentleg informasjon. Dette gjeld både teknisk og organisatorisk integrering.

Integrasjonen må skjera gjennom tradisjonelle skilje mellom vertikale og horisontale system der brukarar t.d. er tenestebukarar for administrasjonen, er pasientar innan helsesystemet, er tilsette i SMB eller er studentar i utdanningssektoren. Organisasjonar må difor konsentrera seg om ei klientsentrert løyning med integrasjon av system for å oppnå ønskt integrasjon.

Figuren under syner deltakarane og nødvendig samarbeid som trengst for å oppnå integrasjon. Eksempelet viser to kommunar, fylkesmannen og fylkeskommunen. Her kan me sjå den typen av integrasjon som trengst for å oppnå personleg tilgang til data uavhengig av organisatoriske grenser i offentleg sektor. Dette er både organisatorisk og teknisk integrasjon av deira system.

Integration & user's perspective



Figur 2: Illustrasjon av tenesteintegrasjon frå eit brukarperspektiv

Målsetjinga i eksempelet over ser ut til å vera enkel å nå, men det er flust av problem der integrasjonen av system skjer. På eit organisatorisk nivå er følgjande problemstillingar relevante:-

- tradisjonelle rollar og ansvar blir blanda saman
- vern av posisjon og funksjonar innan organisasjonar og avdelingar vil førekomma
- motvilje mot å samarbeida med andre offentleg sektor organisasjonar
- omskulering av tilsette kan bli nødvendig
- lovgivande endringar for å muleggjera utveksling av informasjon på tvers av avdelingar og organisasjonar og
- kulturelle endringar er nødvendig.

Tradisjonelt offentleg byråkrati er "top-down"-organisasjonar med direktiv som har utspring frå ministarnivå og blir mata nedover til det lokal nivået og det lokale nivået rapporterer tilbake opp gjennom nivåa. Dette er kulturen der tilsette er vande til å operera. For å kunna oppnå personifisering må det skje ei kulturendring her for gjera det muleg med ei "bottom-up"-ordning og auka flyt av informasjon gjennom hierarkiet. På eit horisontalt nivå er også dette eit nøkkelpunkt fordi organisasjonar som tradisjonelt ikkje samarbeider då må dela rollar og funksjonar minst på eit elektronisk nivå.

På eit teknisk nivå er spørsmåla ikkje mindre kompliserte for å få til integrasjon, nemleg

- opne standardiserte system i staden for gamle, lukka system
- omskulering av tilsette
- tryggleiks- og personvernspørsmål

3.2 Lovgiving

Viktige tiltak er sette i verk for å gjera bruken av digitale signaturar muleg. Norge har, til liks med dei fleste EU-landa, innført ei lov om elektroniske signaturar (2001) som opnar for at elektroniske signaturar blir aksepterte på linje med handskrivne signaturar. Ei viktig teneste er unnateken denne lova, nemleg tinglysing. Arbeid er i gang både i Justisdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet (NHD) for å eliminera hindringar også på dette feltet.

Lovene våre har ei mengd krav som er på ei slik form at dei kan motverka bruken av digital kommunikasjon generelt, og spesielt bruken av digitale signaturar (formkrav). For å kartleggja desse krava blei ei arbeidsgruppe satt saman av NHD. Prosjektet blei kalla *Kartleggingsprosjektet* og alle departementa måtte gå gjennom lover, direktiv og reguleringar på sine område for å avdekka eventuelle problem i høve elektronisk kommunikasjon.

I rapporten *Kartleggingsprosjektet* (NHD 2000) er tilrådinga å bruka ein kombinasjon av ei generell lov om elektroniske signaturar og å gjera endringar i allereie etablerte reguleringar. Lova om elektroniske signaturar vart vedteken i 2001 og arbeidet med å endra eksisterande reguleringar på grunn av formkrav, har starta. Alle departementa har blitt instruerte til å gjera dei nødvendige stega for å oppmuntra til bruka av elektronisk kommunikasjon og for å visa at denne forma for kommunikasjon er akseptert på lik linje med andre former for kommunikasjon.

Publikasjonen "Uten penn og blekk" (AAD 2001) frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet drøftar offentleg sektor sin politikk når det gjeld bruken av digitale signaturar og tilhøyrande offentleg nøkkel-infrastruktur (PKI).

Hovudkonklusjonen frå dette arbeidet er at Norge må følgja standardane bestemt i EU, spesielt med tanke på sertifikat. Arbeidsgruppa føreslår tre ulike tryggleiksnivå i samband med sertifikat; det strengaste tryggleiksnivået tilrår bruken av smartkort. Policy for utferding av sertifikat er også diskutert og Forvaltningsnettsamarbeidet sin sertifikatpolitikk FSP-1 blir tilrådd saman med den internasjonale ETSI-standarden (European Telecommunications Standards Institute – www.etsi.org).

PKI-forum (www.pki-forum.no) er ein open organisasjon med målsetjing om å vera ein pådrivar i arbeidet med innarbeiding av ein open PKI-basert plattform i Norge. Organisasjonen har medlemmar både frå offentleg og privat sektor. I ein nyleg rapport (PKI-forum 2002) blir ein strategi for implementering av PKI-baserte tenester skissert. Sentrale spørsmål rapporten prøver å svara på, er:

- kva krav som må setjast til PKI
- korleis etablera ein kritisk masse av brukarar ("høna-og-egget")
- korleis oppmuntra tenestetilbydarar både i offentleg og privat sektor til å tilby PKI-baserte løysingar (her kjem mellom anna kravet om enklare og standardisert autentisering inn)
- forslag til handlingsplan for å løysa dei nemnde utfordringane

3.3 Informasjonstryggleik

Tilgang til personleg informasjon via Internett utløyser heilt klart spørsmål om informasjonstryggleik. Å presentera personlege data på Internett er ikkje lov utan visse tryggleiksrutinar som sikrar personvernet. Informasjonstryggleik blir i Norge blant anna handsama gjennom nokon av lovene under:

- Straffelova
- Personopplysningslova
- Sikkerheitslova
- Forvaltningslova

Av desse lovene er Personopplysningslova (peol) den viktigaste. Dei fleste europeisk land har ei lov som sikrar personleg informasjon og difor er ikkje peol unik for Norge.

Definisjonen av personleg informasjon er svært vid og følgjeleg kjem ei mengd informasjon under denne lova. Definisjonen seier at informasjon som direkte eller indirekte kan bli kopla til ein fysisk person blir sett på som personleg informasjon og må handsamast i høve til peol og peol-forskrifta. Intern kvalitetskontroll (internkontroll) er ein viktig del av reguleringa og er basisverktøyet organisasjonar bør bruka for å oppnå informasjonstryggleik. Dokumentasjon av rutinar og hendingar er også veldig sentralt og er svært viktig dersom det blir spørsmål om erstatningsansvar som følgje av svikt i tryggleiksrutinar.

Informasjonssikkerhet slik det er definert i peol omfattar konfidensialitet, tilgjenge og integritet. Organisasjonar (eller meir spesifikt: dei som er ansvarlege for data og dei som faktisk administrerer data) må ha tilfredsstillande rutinar for å sikra informasjonstryggleiken. Rutinane kan vera av fysisk, teknisk og/eller organisatorisk art.

EU-parlamentet vedtok nyleg eit direktiv om personleg informasjonstryggleik innan elektronisk kommunikasjon (31.5.2002). Direktivet er ein del av ein ny telekommunikasjons-

pakke vedteken tidlegare i år. Blant viktige ting direktivet omhandlar er elektronisk marknadsføring og bruk av lokaliseringstenester (t.d. via mobiltelefon). Her treng tenestetilbydarane aktiv godkjenning frå brukarane/mottakarane. Bruk av cookies (informasjonskapslar brukt av vevtenarar) er også omfatta av direktivet og skal også krevja godkjenning av brukarane. Korleis dette vil slå ut i praksis er framleis eit ope spørsmål, men dette kan potensielt få stor innverknad på innretninga av vevtenester.

Del II: Statusoversikt

Denne delen av rapporten gir ein oversikt over ulike land og kor langt dei er komne i forhold til temaet ”personifiserte vevtenester”. Vi har forsøkt å finna eksempel som er spesielt relevante for vår region og vårt utgangspunkt. Eksempla er viktige som bakgrunn og underlag for føreslåtte prosjekt.

Det er viktig å ha i minnet ulik organisering og kultur landa mellom når eksempla blir studerte. Personifisering kan vera oppnåeleg, men metodane kan kanskje ikkje enkelt kopierast på grunn av kulturelle, lovbestemte eller tryggleiksorienterte omsyn. Det er til dømes ikkje gitt at innbyggjarane i eit land stolar på offentleg sektor med omsyn til handsaming av personleg informasjon. Det kan ha historiske årsaker eller vera grunna i faktisk misbruk av slik informasjon. Generelt sett må det seiast at nordmenn stolar meir på offentleg sektor og er opnare for å dela slik informasjon enn mange andre land i Europa.

4. Norge

4.1 Policy

Noreg har dei siste åra hatt ei rekkje program for modernisering av offentleg sektor. Kvar gang det har vore eit skifte i regjeringssposisjonar har det blitt følgt av eit nyerklært initiativ for modernisering av offentleg sektor.

Noverande regjering har også lagt fram eit moderniseringsprogram. Initiativet er dokumentert i publikasjonen ”Fra ord til handling – modernisering, effektivisering og forenkling i offentlig sektor” (AAD 2002). Dei sektorane og områda som har blitt gitt høgast prioritet er utdanning, kommunane, og koordinering og brukarorientering på områda arbeid, sosial tryggleik og sosiale tenester.

Moderniseringsprogrammet framhevar også det viktige i innbyggjarane sin rett til å velja mellom ulike tilbod og at tenester må bli skreddarsydde til individuelle behov. Spesielt den siste utsegna peikar mot utvikling av personifiserte offentlege tenester.

Regjeringa sine moderniseringsplanar for offentleg sektor involverer også bruk av IKT og eNorge-planen er den viktigaste på det punktet. I midten av mai vart eNorge 2005 lansert og gjennomgåande prioriteringsområde er verdiauke i næringslivet, effektivitet og kvalitet i offentleg sektor og deltaking og identitet (= eit inkluderande informasjonssamfunn).

I eNorge 2005 har regjeringa lagt fram at innan år 2005 skal fundamentet for digitale signaturar vera på plass slik at bruken av desse er vanleg blant borgarar og verksemder. Det nasjonale PKI-forumet har fått ein viktig rolle i dette arbeidet (sjå også www.pki-forum.no). Ei av oppgåvene forumet er å laga ein oversikt over ”best practise”-eksempel på dette området. Ein publikasjon er planlagt utgitt i september 2002.

Under overskrifta ”Ein moderne offentleg sektor” og tiltaket ”Brukarorienterte elektroniske tenester” seier planen at alle kommunar og statlege einingar skal tilby passande elektroniske tenester. Dette ser kanskje ut til å vera litt vagt, men det opnar heilt klart for tenester skreddarsydde for individuelle behov.

Resten av dette kapitlet vil presentera prosjekt og initiativ som vi finn av spesiell interesse for Sogn og Fjordane. Vi nemner også prosjekt og initiativ som kan sjå ut til å ha mindre relevans for vår region, men dei kan ha stor innverknad på utviklinga i offentleg sektor. Eksempla er også naudsynte for å fylla ut biletet og for å skaffa seg best muleg oversikt over tilstanden på området.

4.2 Relevante eksempel

FEIDE – Felles Elektronisk IDEntitet (www.feide.no)

Dette initiativet frå det offentleg eigde selskapet Uninett er ikkje i seg sjølv ei personifisert tenester, men det er eit viktig prosjekt i høve den store utfordringa med "single sign-on" og standardisert autentisering. På den måten kan det bli ein viktig del av den naudsynte teknologien for å oppnå personifisering, spesielt utfordringa ved å kunna følgja saker på tvers av ulike organisasjonar og sektorar.

Målet til FEIDE er å etablera ein felles elektronisk identitet gyldig for heile universits- og høgskulesektoren. Utfordringa er å få til berre eitt enkelt aksesspunkt i eit heterogent nettverk med system som er laust samanknytte.

Ein person skal kunna ha den same identiteten gjennom heile sektoren. Prosjektet vil også handtera personvernspørsmålet og vil ta over for dei mange ulike gamle systema som finst i dag. Kjernen i autentiseringssystemet er basert på den opne Kerberos-protokollen. Prosjektet kan studerast nærmare på www.feide.no og det føreslåtte systemet kan studerast på www.feide.no/arkitektur.html

AltInn

